

**Fra:** Geir Kristoffer Vassdal <geir@vassdalrevisjon.no>  
**Sendt:** 2. mai 2018 12:16  
**Til:** Postmottak Voss kommune  
**Kopi:** andersen@parkvoss.no  
**Emne:** Innspel til plan for oppstart planarbeid for Vossevangen

Vi viser til motteke brev datert 20.03.2018 om planarbeidet for Vossevangen med frist for innmelding av innspel 02. mai.

Park Hotel Vossevangen AS har saman med datterselskapet Vossevangen Boliger AS avslutta utbygging av 28 bueiningar i Park Panorama, i hovudsak alle privateigde. Prosjektet vart svært godt motteke i marknaden og attendemelding tyder på at bebuarar i dette området er svært nøgde med sine nye husvære.

Samstundes må vi slå fast at det no ligg føre planar om nytt storhotell på jernbanetomta der hotellkapasiteten på Vossevangen vert dobbla. Det er på kort sikt ikke plass i marknaden til 3 hotell med meir enn 450 rom i sentrum noko som tilseier over 500 saman med nærområdet i tillegg til hytter for utleige i tilgrensande område. Park Hotel Vossevangen AS må ut frå dette vurdera sine strategiske disposisjonar der alternativ utnytting av eigedomsmassen, som i dag utgjer 122 rom og stort konferanseareal, er eit av fleire vanskelege, men viktige spørsmål. Det er nærliggande å tenka seg at eit alternativ er ei større grad av fortetting med bustadbygging på eigedomen. Kringliggjande areal rundt eigedomen er so langt vi kan sjå, tenkt som grøntareal mellom riksvegen og Vangsvatnet aust for Kulturhuset. Det har lenge vore klårt uttala at bensinstasjon i dette området er lite tenleg i heilskapen og at denne skal/må flyttast.

Park Hotel Vossevangen AS vil på denne måten ta til orde for at det vert lagt til rette for alternativ utnytting av hotelltomta der bustadbygging i sona mellom Kulturhuset og Holbergs plass kan vera eit alternativ. Vi ser det som svært føremålstenleg at dette arealet vil kunne nyttast til permanent busetnad eller som lekk i pleie- og omsorgstenesta der folk i permanent buming vert prioritert heilt eller delvis i overgangssona mellom kultur mot vest og meir komersielle tenester/handel mot aust. Med omsyn til nærliken til trafikkknutepunktet og lett gangavstand til/frå handel - og kommunale tenester ser vi at større grad av busetnad kan vera av interesse.

Vi ynskjer lukka til med planarbeidet.

Mvh  
Park Hotel Vossevangen AS

Jan Bruse Andersen  
styreleiar